

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
  
**DATO:** 04.06.2025  
**SAKSHANDSAMAR:** Inger Elin Skorpen og Terje Arne Krokvik  
**SAKA GJELD:** Økonomisk langtidsplan 2026-2030  
  
**ARKIVSAK:** 2025/107  
**STYRESAK:** 065/25  
  
**STYREMØTE:** 11.06. 2025

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret vedtar Økonomisk langtidsplan for 2026-2030.
2. Resultatkravet for perioden 2026-2030 blir fastsett som følger:

| Resultat pr. foretak      | Økonomisk langtidsplan |          |          |                |               |                |
|---------------------------|------------------------|----------|----------|----------------|---------------|----------------|
|                           | 2025                   | 2026     | 2027     | 2028           | 2029          | 2030           |
| Helse Stavanger           | 200 000                | -440 000 | -430 000 | -312 000       | -433 000      | -327 000       |
| Helse Fonna               | 10 000                 | 50 000   | 10 000   | 20 000         | 50 000        | 70 000         |
| Helse Bergen              | 50 000                 | 75 000   | 100 000  | 100 000        | 100 000       | 100 000        |
| Helse Førde               | -50 000                | -45 000  | -40 000  | -35 000        | -35 000       | -15 000        |
| Helse Vest IKT            | 1 000                  | 1 000    | 1 000    | 1 000          | 1 000         | 1 000          |
| Sjukehusapoteka Vest      | 0                      | 9 000    | 9 000    | 9 000          | 9 000         | 9 000          |
| Helse Vest RHF            | 300 000                | 350 000  | 350 000  | 350 000        | 350 000       | 350 000        |
| <b>Sum føretaksgruppa</b> | <b>511 000</b>         | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>133 000</b> | <b>42 000</b> | <b>188 000</b> |

Helse- og omsorgsdepartementet har stilt krav om at dei regionale helseføretaka innrettar verksemda innafor dei økonomiske rammer og krav som er sett, slik at sørge for-ansvaret vert oppfylt og det vert lagt til rette for ei berekraftig utvikling over tid.

3. Helseføretaka må i planperioden drive verksemda i tråd med årlege budsjетtrammer og nasjonale og regionale føringar.
4. Helseføretaka må styra og prioritera investeringane innanfor tilgjengeleg likviditet i økonomisk langtidsplan. Dersom resultatet endrar seg negativt må det gjerast nødvendige tilpassingar i investeringsplanen.

5. Eventuelle overskridingar eller prisendringar i byggjeprojekta må handterast innafor det tilgjengelege finansieringsgrunnlaget til det enkelte helseføretak. Dette inneber at det kan vere aktuelt å ta ned investeringsomfanget eller utsette delar av investeringane.
6. Dei årlege investeringsbudsjetta blir vedtatt i samband med behandlinga av dei årlege budsjetta. Avgjerda om og gjennomføring av investeringar må følgje fastsette retningslinjer for investeringar. Denne saka gir ikkje godkjenning for gjennomføring av dei enkelte projekta eller tilhøyrande lån.
7. Helseføretaka må i investeringsbudsjettet for 2026 ta omsyn til den justerte framdrifta som det er lagt opp til i denne rulleringa av ØLP

Helseføretaka blir bedt om å gjere ei vurdering av konsekvensane av endringane i ØLP. Helse Vest vil gjere endeleg vedtak om investeringsbudsjett for 2026 i konsernbudsjettsaka i februar 2026.

8. Rullering av ny økonomisk langtidsplan blir gjort våren 2026 med sikte på å behandle denne for føretaksgruppa før sommaren 2026.

## Innleing

I tråd med den årlege budsjettprosessen har helseføretaka gjennomført ei rullering av økonomisk langtidsplan (ØLP). Rulleringa er basert på føresetnader og føringar som er gitt i eige brev i januar 2025. Det har og vært gjennomført dialogmøte med helseføretaka som ein del av prosessen. Alle helseføretaka har behandla sine saker om ØLP i sine respektive styre før denne saka blir behandla av styret i Helse Vest RHF.


Det er lagt til grunn følgjande resultatkrav i rulleringa av ØLP:

| Resultat ØLP våren 2025 | 2025    | 2026     | 2027     | 2028     | 2029     | 2030     | 2031    | 2032    | 2033    | 2034    | 2035    |
|-------------------------|---------|----------|----------|----------|----------|----------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Helse Stavanger         | 200 000 | -440 000 | -430 000 | -312 000 | -433 000 | -327 000 | 19 000  | 85 000  | 148 000 | 177 000 | 240 000 |
| Helse Fonna             | 10 000  | 50 000   | 10 000   | 20 000   | 50 000   | 70 000   | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 |
| Helse Bergen            | 50 000  | 75 000   | 100 000  | 100 000  | 100 000  | 100 000  | 100 000 | 100 000 | 50 000  | 50 000  | 50 000  |
| Helse Førde             | -50 000 | -45 000  | -40 000  | -35 000  | -35 000  | -15 000  | -10 000 | -5 000  | 0       | 0       | 0       |
| Sjkehusapoteka          | 0       | 9 000    | 9 000    | 9 000    | 9 000    | 9 000    | 9 000   | 9 000   | 9 000   | 9 000   | 9 000   |
| Helse Vest IKT          | 1 000   | 999      | 1 000    | 1 000    | 1 000    | 1 000    | 1 000   | 1 000   | 1 000   | 1 000   | 1 000   |
| Helse Vest RHF          | 300 000 | 350 000  | 350 000  | 350 000  | 350 000  | 350 000  | 350 000 | 350 000 | 350 000 | 350 000 | 350 000 |
| SUM                     | 511 000 | 0        | 0        | 133 000  | 42 000   | 188 000  | 569 000 | 640 000 | 658 000 | 687 000 | 750 000 |

Den økonomiske utviklinga så langt i 2025 er utfordrande, særleg sett i samband med at det blir gjennomført store byggeprosjekt og at det er planlagd store byggeprosjekt framover i tid. Manglande resultatoppnåing vil få direkte konsekvens for finansieringsgrunnlaget for investeringar.

Behovet for nye byggeprosjekt er vurdert som høgt i helseføretaka. Helseføretaka har derfor i sine planer både framskunda nokon av byggeprosjekta samt auka det samla investeringsnivået vesentleg samanlikna mot rulleringa av ØLP våren 2024.

I grafen nedanfor er det vist investeringsnivået som ligg til grunn i helseføretaka sin rullering av ØLP samanlikna mot investeringsnivået som låg til grunn i fjorårets ØLP. I tillegg er det illustrert kva føresetnad som er lagt til grunn for langsiktig lån knytt til investeringane:



Forskjellen i investeringsnivået i 2025 må delvis sjåast i samanheng med framdrifta på investeringane i 2024 og 2025 men og eit auka kostnadsnivå.

Den samla auken i investeringsforslaga er i perioden 2026 til 2034 på vel 14 mrd. kroner samanlikna mot fjorårets ØLP. Det er særleg utvikling av Sentralblokka i Helse Bergen fase 2 som bidrar til denne auken. I tillegg er det føresett opptak av lån frå HOD til finansiering av dei store prosjekta, slik at nivået på langsiktig gjeld til Staten går frå 18 til vel 30 mrd. kroner. Det er og føresett auka investeringsnivå både i Helse Fonna og Helse Førde jamført mot førre ØLP.

Eit så høgt investeringsnivå kan ikkje gjennomførast utan vesentleg betre årsresultat enn det som no er lagt til grunn. Det er i styresak 94/23 Investeringskraft og investeringsnivå i Helse Vest gitt ei tilråding om at det samla investeringsnivået i snitt ikkje bør overskride om lag 3 mrd. kroner i året og at lån ikkje bør auke ut over 18 mrd. kroner i planperioden.

Dette krev ei strammare prioritering mellom prosjekt og mellom føretak. Dette er eit forhold som vil bli tatt opp i kommande utviklingsplanarbeid. Investeringsnivået frå 2031 og ut over i planperioden er derfor vurdert som ei samla investeringsramme for føretaksgruppa. Det blir ikkje tatt stilling til enkeltprosjekt i denne ØLP. Det må etablerast ei regional prioriteringsliste for prosjekt over ein viss størrelse i samband med utarbeiding av ny regional utviklingsplan.

Den økonomiske utviklinga i 2025 viser at helseføretaka har ein utfordring med å nå sine resultatkrav. Dette er ei utfordring som helseføretaka tar med seg inn i 2026 og som det må jobbast vidare med dei kommande åra. Det er og ein usikkerheit og risiko knytt til kostnadsomfanget på byggeprosjekta. Administrerande direktør ser det derfor som nødvendig å gjere tilpassingar i framdrifta på dei investeringsplanane som helseføretaka har lagt til grunn i sin rullering av ØLP våren 2025.

### **Innretning ØLP 2025 for føretaksgruppa**

For å ta ned risikoen blir det i denne rullering av ØLP føreslått å justere det samla investeringsnivået det første året til om lag det same nivået som låg til grunn i fjorårets rullering av ØLP. Investeringsnivået er elles justert ned i forhold til helseføretaka sine ØLP-er. Sjølv om dette isolert sett vil endre framdrifta på dei investeringsplanane som helseføretaka har lagt til grunn i sin rullering av ØLP, vil det likevel gje rom for å framskande nokon av investeringsprosjekta samanlikna mot fjorårets rullering av ØLP.

Ved neste års rullering av ØLP kan ein gjere ei ny vurdering på framdrifta på investeringsplanane, basert på utviklinga i den økonomiske og finansielle berekrafta.

Det blir derfor føreslått følgjande overordna innretning på rullering av ØLP 2025 for føretaksgruppa:


- Resultatkravet for føretaksgruppa må minimum vere i balanse
- Investeringsnivået skal over tid ligge på om lag 3 mrd. Kroner årlig
- Frå 2031 skal investeringsnivået vurderast som ei samla investeringsramme for føretaksgruppa. Det blir derfor ikkje tatt stilling til enkeltprosjekt i denne ØLP, men det

må etablerast ei regional prioriteringsliste i samband med utarbeiding av ny regional utviklingsplan

- Lån frå HOD skal holde seg stabilt på om lag 18 mrd. kr (2023 kroner) gjennom planperioden. Justert for prisvekst utgjør dette om lag 19 mrd. Kroner i 2025. Dette inneber at det må nedbetalast like mykje i langsiktig lån som det tas opp nye lån.
- Likviditetsnivået for føretaksgruppa bør i planperioden ikkje vere lågare enn 2 mrd. kroner.

Med utgangspunkt i desse premissane er det gjort justeringar i investeringsplanane til helseføretaka. Dette inneber likevel at nokon av prosjekta er framskunda og at investeringsomfanget ut over i perioden er auka opp samanlikna mot fjorårets ØLP. Endringane er nærmare omtala under kapitelet for investeringar.

Utviklinga i justert investeringsplan jamført mot fjorårets ØLP samt utvikling i gjeld, er illustrert i følgjande graf:



## Fakta

Føretaksgruppa Helse Vest har over fleire år hatt eit høgt investeringsnivå som har lege mellom 4-6 mrd. kroner årleg. Ved fjorårets rullering av ØLP var det lagt opp til at ein ved ferdigstilling av Nye SUS BT1 skulle inn i ein fase der investeringsnivået ville bli noko lågare men at det framleis var behov for å definere ytterlegare investeringar framover i tid.

Føretaksgruppa har bygd seg opp ei stor gjeld som gir auka rentekostnader og avskrivningar, som igjen krev effektivisering av drifta og utfordrar framtidig moglegheit for nødvendige investeringar.

Førre rullering av økonomisk langtidsplan blei behandla av styret i Helse Vest 19.06.2024, jf. sak 064/24 Økonomisk langtidsplan 2025-2029. I vårens rullering av ØLP har helseføretaka oppdatert sine investeringsplanar og tilhøyrande føresetnader om lån. Dei største endringane føretaka har innarbeidd i sine ØLPar samanlikna mot fjorårets ØLP er følgjande:

- Helse Stavanger har framskunda oppstart av første fase av BT2 frå 2028 til 2026
- Helse Fonna har framskunda oppstart av sikkerheitsposten frå 2028 til 2026 og samtidig auka kostnadsomfanget frå 67 til 99 mill. kroner. I tillegg er investeringsnivået auka opp frå fjorårets nivå
- Helse Bergen har omarbeidd og redefinert framtidig investeringsbehov på Haukeland. Investeringsnivået er betydeleg høgare ut i planperioden enn det som låg til grunn i fjorårets ØLP. Det er føresett 90% lånefinansiering frå HOD
- Helse Førde har innarbeidd nye investeringar i diverse bygg med tilsvarende føresetnad om lån frå HOD og internt lån frå Helse Vest
- Sjukehusapoteka har framskunda investeringar frå 2029 til 2028 med tilsvarende føresetnad om lån frå Helse Vest.

Styret har i etterkant av fjorårets rullering av ØLP sak 064/24 gjort endring i lånesøknaden til Årstadhuset i Heles Bergen og første fase av byggetrinn 2 i Helse Stavanger, jf. styresak 086/24. Dette blei gjort med utgangspunkt i endra låneregime der det blei opna opp for å auke lånegraden til 90% av ei kostnadsramme på P50.

Styret har i møte den 5/3-25 behandla sak 031/25 Utbygging av Nordås i Helse Bergen – forprosjekt nytt sengebygg. Prosjektet blei vedtatt med ei kostnadsramme på 288 mill. kroner i 2024 kroneverdi og med eit internt lån på inntil 259 mill. kroner.

Helse Vest har i eige brev datert 22.01.2025 gitt helseføretaka føresetnader og føringar for utarbeiding av økonomisk langtidsplan 2026-2030. Dei økonomiske føresetnadane kan oppsummerast som følgjer:

- Alle tal i ØLP er utarbeidd i 2025-kroneverdi utan justering for pris og lønsvekst.
- Renteføresetnaden er basert på eit vekta gjennomsnitt mellom fastrenteavtalar, lån på flytande rente inklusive byggjelån under opptrekk og lån som har renteføresetnad i tråd med NIBOR1M. Frå 2030 er det nytta realrente.
- Vekst i aktivitet og økonomisk ramme er lagt på 1%, kor veksten er differensiert mellom føretaka, med 1,2% til Helse Stavanger som er høgast og 0,6% til Helse Førde som er lågast.
- Psykisk helse og tverrfagleg spesialisert rusbehandling skal framleis vere eit prioritert område, særleg tilbod til barn og unge og sikkerheitspsykiatri.

For meir detaljert informasjon rundt føresetnader og føringar blir det vist til eige kapittel i vedlegget til denne saka.

Det blir gitt ein nærmare kommentar knytt til resultat, investering og finansiering av helseføretaka sine ØLPar i vedlegg til denne saka.

Helse Vest vil i denne rulleringa av ØLP tilrå justeringar på helseføretaka sin rullering av ØLP våren 2025, men og framskundingar på nokre av prosjekta sett opp mot fjorårets rullering av

ØLP. Dei største endringane mot fjorårets ØLP ligg i Helse Bergen og det må her, som i alle helseføretaka, gjerast ein årleg vurdering på framdrifta i tråd med utviklinga i det økonomiske og finansielle grunnlaget.

## Kommentarar

### Drift

Helseføretaka legg samla opp til ein årleg vekst i aktiviteten (DRG poeng) på 1% innan somatikk og 0,5% innan psykisk helsevern. For Psykisk helsevern blir det bare berekna DRG poeng for poliklinisk aktivitet, ikkje for døgntil behandling.

#### Aktivitet - somatikk

| DRG poeng - somatikk                       | 2025           | 2026           | 2027           | 2028           | 2029           | 2030           |
|--|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| DRG poeng somatikk (døgn, dag, pol, legem) | 344 506        | 348 388        | 351 986        | 355 622        | 359 298        | 363 012        |
| ISF poeng somatikk private ideelle         | 23 895         | 23 895         | 23 895         | 23 895         | 23 895         | 23 895         |
| <i>Sum DRG poeng somatikk</i>              | <i>368 401</i> | <i>372 283</i> | <i>375 881</i> | <i>379 517</i> | <i>383 193</i> | <i>386 907</i> |

#### Aktivitet - PHV/TSB

| DRG poeng - PHV og TSB                        | 2025           | 2026           | 2027           | 2028           | 2029           | 2030           |
|---|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| DRG poeng VOP - (psykisk helsevern voksne)    | 51 469         | 51 760         | 52 054         | 52 351         | 52 651         | 52 954         |
| DRG poeng BUP - (psykisk helsevern barn)      | 52 811         | 53 113         | 53 419         | 53 728         | 54 040         | 54 355         |
| DRG poeng TSB - tverrfaglig spesialisert rust | 13 697         | 13 797         | 13 895         | 13 995         | 14 095         | 14 197         |
| ISF poeng PHV og TSB private ideelle          | 20 217         | 20 217         | 20 217         | 20 217         | 20 217         | 20 217         |
| <i>Sum DRG poeng PHV og TSB</i>               | <i>138 194</i> | <i>138 888</i> | <i>139 586</i> | <i>140 291</i> | <i>141 003</i> | <i>141 722</i> |

For bemanning legg helseføretaka samla opp til ein marginal årleg nedgang for 2025-2027 (-0,1%) i brutto månadsverk. I perioden 2027-2030 er det venta ein årleg marginal auke i brutto månadsverk (+0,2%).

#### Bemanning

| Brutto månadsverk                            | 2025          | 2026          | 2027          | 2028          | 2029          | 2030          |
|--|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Somatikk                                     | 17 218        | 17 196        | 17 173        | 17 192        | 17 207        | 17 216        |
| Psykisk helsevern                            | 6 036         | 6 038         | 6 048         | 6 072         | 6 099         | 6 124         |
| Tverrfaglig spesialisert rusbehandling (TSB) | 1 180         | 1 180         | 1 180         | 1 181         | 1 181         | 1 182         |
| <i>Sum brutto månadsverk</i>                 | <i>24 434</i> | <i>24 414</i> | <i>24 401</i> | <i>24 446</i> | <i>24 487</i> | <i>24 521</i> |

Vekst i aktivitet kombinert med ein marginal endring i bemanning, gjer ei betring i produktiviteten både innan somatikk og psykisk helsevern for føretaka i perioden.

#### Produktivitet

| Produktivitet                                | 2 025 | 2 026 | 2 027 | 2 028 | 2 029 | 2 030 |
|--|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Somatikk                                     | 1,78  | 1,80  | 1,82  | 1,84  | 1,86  | 1,87  |
| Psykisk helsevern                            | 1,72  | 1,73  | 1,73  | 1,73  | 1,73  | 1,74  |
| Tverrfaglig spesialisert rusbehandling (TSB) | 0,97  | 0,97  | 0,98  | 0,99  | 0,99  | 1,00  |
|  |       |       |       |       |       |       |

## Resultatkrav

Helse Vest skal innrette si verksemd innanfor økonomiske rammer og krav frå staten, slik at sørge for- ansvaret vert oppfylt og det vert lagt til rette for ei berekraftig utvikling over tid. Helseføretaka må som hovudregel handtere investeringsbehovet innanfor den likviditet ein klarer å skape gjennom drifta. Det er derfor heilt nødvendig at føretaksgruppa får store nok resultat slik at ein klarer å finansiere investeringane. For dei største investeringane kan Helse Vest søke lån frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Føretaksgruppa Helse Vest har over mange år levert økonomiske resultat i størrelsen 7-800 mill. kroner. I 2024 enda resultatet på 900 mill. kroner mellom anna som følgje av ei varig styrking av sjukehusøkonomien i revidert nasjonalbudsjett som for Helse Vest utgjorde 220,5 mill. kroner. I tillegg blei det tildelt eingongsløyving i nysalderinga der helseføretaka fekk tildelt 256 mill. kroner. I 2023 var resultatet betydeleg lågare og enda opp på 317,4 mill. kroner.

Styret behandla i februar 2025 sak 006/25 Konsernbudsjett 2025 og gjorde vedtak om følgjande resultatkrav for 2025:

| Resultatkrav 2025 | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Sjukehus Apoteka | Helse Vest IKT | Helse Vest RHF | TOTAL   |
|-------------------|-----------------|-------------|--------------|-------------|------------------|----------------|----------------|---------|
| Resultatkrav      | 200 000         | 10 000      | 50 000       | -50 000     | 0                | 1 029          | 300 000        | 511 029 |

Så langt i 2025 er resultatutviklinga krevjande, føretaksgruppa er 75 mill. kroner bak budsjett pr. april og alle helseføretaka har lågare resultat enn planlagt hittil i år. Helseføretaka klarer å levere aktivitetsnivået som er planlagt, men driftskostnadene er høgare enn planlagt. Det er innan løn- og personalområdet og varekostnader/medisinar utfordringane er størst. Høgt sjukefråvær og ubesette stillingar gjer høgare kostnader til vikarar, overtid og innleige.

I tabellen under er det vist eit samandrag av resultatutviklinga som ligg til grunn i føretaka sin rullering av økonomisk langtidsplan fram til år 2030:

| Resultat pr. foretak      | Økonomisk langtidsplan |          |          |                |               |                |
|---------------------------|------------------------|----------|----------|----------------|---------------|----------------|
|                           | 2025                   | 2026     | 2027     | 2028           | 2029          | 2030           |
| Helse Stavanger           | 200 000                | -440 000 | -430 000 | -312 000       | -433 000      | -327 000       |
| Helse Fonna               | 10 000                 | 50 000   | 10 000   | 20 000         | 50 000        | 70 000         |
| Helse Bergen              | 50 000                 | 75 000   | 100 000  | 100 000        | 100 000       | 100 000        |
| Helse Førde               | -50 000                | -45 000  | -40 000  | -35 000        | -35 000       | -15 000        |
| Helse Vest IKT            | 1 000                  | 1 000    | 1 000    | 1 000          | 1 000         | 1 000          |
| Sjukehusapoteka Vest      | 0                      | 9 000    | 9 000    | 9 000          | 9 000         | 9 000          |
| Helse Vest RHF            | 300 000                | 350 000  | 350 000  | 350 000        | 350 000       | 350 000        |
| <b>Sum føretaksgruppa</b> | <b>511 000</b>         | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>133 000</b> | <b>42 000</b> | <b>188 000</b> |

Helseføretaka har gjort ei vurdering av nødvendige tiltak for å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene slik at dei kan nå resultatkravet. Resultatkravet i Helse Vest RHF er reetablert til 350 mill. kroner, frå 300 mill. kroner i 2025.

Samla resultat for føretaksgruppa syner eit resultat som vil falle frå 2026 som følgje av at mange av dei store prosjekta er ferdige og at resultata blir påverka av auka avskrivningar og

rentekostnader. Den stramme økonomiske ramma i 2025 vil og kunne ha effekt inn i dei kommande åra.


Helse- og omsorgsdepartementet har stilt krav om at dei regionale helseføretaka innrettar verksemda innafor dei økonomiske rammer og krav som er sett, slik at sørge for-ansvaret vert oppfylt og det vert lagt til rette for ei berekraftig utvikling over tid.

Det totale resultatet i ØLP tilfredsstillir dette kravet i heile 10 års perioden, men med lågast mogleg margin i 2026 og 2027.

## Justert investeringsplan

Investeringane som omtales er justert til om lag same nivå som låg til grunn i fjorårets ØLP.

Utviklinga i det samla investeringsnivået med dei føreslått justeringane på investeringsplanane;



Investeringsnivået, som dei siste åra har låge på 5 til 6 mrd. kroner, vil falle ut over i planperioden. Det er særleg ferdigstilling av Nye SUS byggetrinn 1 i 2025 som vil bidra til at investeringsnivået blir lågare frå 2026. Oppgangen i 2027 og 2028 er i hovudsak relatert til Nye SUS og første fase av byggetrinn 2 og nokre av Helse Bergen sine prosjekt. Helse Bergen har eit relativt jamt nivå på sin investeringsportefølje som består av ei rekke store og mindre prosjekt. Helse Fonna vil i dei kommande åra ferdigstille pågåande byggeprosjekt i Haugesund.

Detaljert oversikt over investeringar i kvart helseføretak er vist i vedlegget til denne saka.

### Helse Stavanger

Føretaket er no inne i den siste delen av byggetrinn 1 på Nye SUS der byggetrinnet er planlagt ferdig i løpet av 2025. Det er planlagt innflytting november 2025. For 2025 er gjenstående investeringar til byggetrinn 1 estimert til 2,2 mrd. kroner og 20 mill. kroner i 2026.

Totale investeringar som er lagt til grunn for 2026 er på ca. 408 mill. kroner, som er noko høgare enn det som var lagd til grunn i fjorårets ØLP. Dette er relatert til mellomfasen med todelt drift mellom Våland og Ullandhaug,

- Oppstart av SUS første fase BT2 (410 mill. kroner) blir endra frå 2028 til 2027 med tilhøyrande endring av utbetalingsplan på lån frå HOD
- Etter gjennomføring av første fase BT2 må det gjerast ei vurdering på kva som er eit realistisk og berekraftig investeringsnivået i resterande delen av planperioden samtidig som målsettinga må vere å redusere langsiktig gjeld.

BT2 del ein inneholder poliklinikk og dagbehandling, hovudsakeleg for medisinske fag. Føretaket vil få samla behandlingstilbodet og unngå ulempene med todelt drift for desse faga. BT2 har ei total kostnadsramme på 1,561 mrd. kroner (P50). Helse Stavanger er tildelt lån frå staten frå 2025 på totalt 1 405 mrd. kroner. (90% finansiering). Oppstart blir i 2027, med noko førebuande aktivitet i 2025 og 2026.

### Helse Fonna

Føretaket er godt i gang med byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus, som består av 6 etasjar for sengepostar med fleire einsengsrom, isolat og moglegheit for inndeling i kohortar. Kostnadsramma er på om lag 1,2 mrd. kroner (P85) og er planlagt ferdig i 2027.

Investeringane som er lagt til grunn for 2026 (ca. 385 mill. kroner) er høgare enn det som låg til grunn i fjorårets ØLP og er relatert til byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus.

- Oppstart av sikkerheitspost (20 mill. kroner oppstart 2026 )
- Innreieing Sterilsentral (20 mill. kroner oppstart 2027)
- Etablering av Obs-post (10 mill. kroner oppstart 2027)

Bygging av ny sikkerheitspost ved Valen sjukehus har vore omtalt i økonomisk langtidsplan tilbake til 2021. Planen er å byggja 14 sengeplassar for å kunne ivareta både framtidig internt behov og regionalt behov. Dei nye areala vil gje redusert bruk av tvangstiltak og isolasjonstid samt reduksjon i førekomst av hærverk, vald og truslar. Ein annan effekt vil vera reduksjon i vedlikehaldskostnader for eksisterande bygg.

Kostnadsramma for sikkerheitspost ved Valen sjukehus er på 99 mill. kroner (20. mill. kroner i 2026 og 79 mill. kroner i 2027. Investeringsramma er auka opp frå fjorårets ØLP som var 67 mill. kroner. Investeringa er føresett finansiert med internt lån frå Helse Vest. Vurdering av internt lån blir gjort i samband med den årlege budsjettprosess, vanlegvis i konsernbudsjettsaka.

Dei andre planlagde investeringane (Innreiing sterilsentral og etablering av Obs-post) vil alle bidra til forbetring og effektivisering av drifta. Også desse investeringane er føresett finansiert med internt lån frå Helse Vest. Vurdering av internt lån blir gjort i samband med den årlege budsjettprosess, vanlegvis i konsernbudsjettsaka.

### Helse Bergen

Føretaket har ein omfattande investeringsplan/arealplan som består av fleire store og mindre prosjekt som strekker ser over fleire (ti)år. Endringar i føresetnader og behov gjer at føretaket jamleg har ein gjennomgang av arealplanen og justerer denne i forhold til tilgjengeleg økonomisk og finansiell ramme.

Investeringane som er lagt til grunn i 2026 (ca. 862 mill. kroner) er lågare enn det som var lagd til grunn i fjorårets ØLP.

- Sentralblokk fase I oppstart 2027. Det er forutsett lån frå HOD (90% finansiering) til denne investeringa.
- Sentralblokk fase 2 oppstart når fase I er gjennomført. Det er forutsett lån frå HOD (90% finansiering) til denne investeringa.

Bygginga av protonsentret er ferdig og Helse Bergen er i gang med oppstart av senteret. Investeringa i protonsentret er fullfinansiert av staten med lån og øyremerka tilskot

Prosjektet Årstadhuset er planlagt med oppstart i 2026, med noko førebuande aktivitet i 2025 (15 mill. kroner). Helse Bergen er tildelt lån frå staten frå 2025 på totalt 612 mrd. kroner. (90% finansiering). Kostnadsramma har blitt 130 mill. kroner høgare enn det som låg til grunn ved lånesøknad til HOD i 2024.

Nordåsprosjektet er planlagt med ei investeringsramme på vel 351 mill. kroner (oppjustert med ca. 105 mill. kroner frå fjorårets ØLP. Nordåsprosjektet blei godkjent i styremøte i Helse Vest RHF 05. mars 2025, med ei kostnadsramme på 288 mill. kroner (2024 kroner) og blei tildelt eit internt lån på 259 mill. kroner (90% finansiering). Kostnadsauken må dekkast inn gjennom kutt i prosjektet eller tilpassingar/reduksjon i andre investeringsprosjekt.

Helikopterbasen er forskyvd til 2027 og er planlagt med ei investeringsramme på 295 mill. kroner og er føresett fullfinansiert med internt lån frå Helse Vest. Helse Vest tar ikkje stilling til internt lån til dette prosjektet no.

Ut over dette ligg det fleire større og mindre prosjekt inne i investeringsplanen som gjeld både utvikling av Haukelandsområdet samt andre investeringar. Fleire av desse er føresett finansiert med lån frå staten, men det er førebels ikkje gjort ei formell behandling av konseptrapporten til desse prosjekta. Dette er eit forhold som vil bli vurdert og tatt opp når den økonomiske og finansielle situasjonen er meir avklart framover.

### Helse Førde

Investeringane som er lagt til grunn for 2026 (ca. 175 mill. kroner) er auka opp frå fjorårets ØLP.

- Angabygget/Vestlandslegen(50 mill. kroner oppstart 2026)

- Intensiv/akuttmottak (50 mill. kroner oppstart 2026 )
- Svana inkl. teknisk (25 mill. kroner oppstart 2026)

Angabygget gjeld utbetring og rehabilitering av bygget for å skapa plass til Vestlandslegen. Oppstart av Vestlandslegen er planlagd hausten 2025 og dei første studentane kjem til Førde i 2028. Vestlandslegen er eit prosjekt med stort fokus. Helse Førde legg opp til ei total kostnadsramme på 100 mill. kroner for å utbetre og rehabilitere Angabygget. Ombygging av intensiv- og akuttmottak og oppgradering av teknisk anlegg har ei forventa kostnadsramme på 125 mill. kroner. Alle desse investeringane er føresett finansiert med internt lån frå Helse Vest. Vurdering av internt lån blir gjort i samband med den årlege budsjettprosess, vanlegvis i konsernbudsjettsaka.

#### Helse Vest IKT


Helse Vest IKT har i sin ØLP lagt inn eit årleg investeringsnivå relatert til IKT-porteføljen på om lag 540 mill. kroner per år dei nærmaste åra. Denne er forventa å falle noko ut over i perioden.

#### Sjukehusapoteka

Investeringane som er lagt til grunn for 2026 og 2027 er på 0,-. I 2028 er det lagt inn investeringar til utviklingsplan for Sjukehusapoteka i Bergen med 100 mill. kroner, innreiing produksjonslokale i Førde med 15 mill. kroner og automatisering produksjon på 10 mill. kroner.

### **Utvikling i gjeld**

Den høge investeringsaktiviteten som føretaksgruppa har vore igjennom dei siste åra, gjer at gjeldsnivået har bygd seg opp og vil med basis i helseføretaka si rullering av ØLP våren 2025 fortsette å auke dei kommande åra. Dette inneber at rentekostnadene aukar betydeleg no som byggjelån blir konvertert til langsiktig lån. Dette gjer også at resultatet blir meir sensitivt for svingingar i rentenivået. Dersom ein skulle gjennomføre alle investeringane som føreslått i helseføretaka sine ØLPar vil samla gjeld auke til om lag 30 mrd. kroner. Dette vil krevje høg effektivisering for å handtere auka kostnader samt gjere resultatet ekstra sensitivt i forhold til svingingar i rentenivået . Som omtalt ovanfor er dette ikkje berekraftig og det er derfor i denne rulleringa av ØLP gjort tilpassingar i planlagt opptak av lån. Dette er illustrert i grafen under:




Det er i Helse Vest sin rullering av ØLP lagt til grunn at gjeldsbelastninga ikkje må auke vesentleg i forhold til det nivå ein allereie ligg på. Dette inneber at investeringsramma ikkje må bli sett høgare enn at ein klarer å gjennomføre denne med eit låneopptak som ligg på om lag 18-19 mrd. kroner (prisjustert real kroneverdi) gjennom planperioden. Dette er om lag same nivå som blei føresett i førre rullering av ØLP.

Med eit lånenivå på om lag 18-19 mrd. kroner vil resultatet likevel vere sensitivt for svingingar i rentenivået. Samtidig blir dette vurdert til å vere meir handterbart enn om ein skulle auke opp gjeldnivået ytterlegare.

### Utvikling i likviditet og finansieringsevne

Med føresetnad om at helseføretaka klarer å oppnå dei resultata som er lagt til grunn i sine økonomiske langtidsplanar, vil den samla likviditeten vere relativt stabil på vel 3 mrd. kroner og ha ein svak auke i slutten av planperioden. Dette føreset og at det ikkje blir vesentleg kostnadsauke i investeringsprosjekta og at investeringsnivået blir tilpassa eit nivå som understøtter ei gjeldsutvikling som er relativt flat på om lag 18-19 mrd. kroner i planperioden.

I grafen nedanfor er utviklinga i likviditeten basert på justert investeringsplan i Helse Vest si rullering av ØLP. Likviditeten inkluderer bruk av driftskreditt i Norges Bank. Dette inneber at ein og har ei kortsiktig gjeld knytt til denne likviditeten. Likviditet utan bruk av driftskreditt er og vist i grafen.



Helse Vest vil få tildelt ny driftskredittramme i føretaksmøtet i juni 2025. Dette er ikkje reflektert i tala ovanfor. Endringa i driftskredittramma vil alt anna like ikkje påverke den samla likviditet relatert til investeringar då endringa i driftskredittramma vil vere samanfallande med tilsvarande endring i likviditetsbehov relatert til pensjon. Det vil derimot påverke forskjellen mellom dei kurvane som er vist i grafen.

I likviditetsutviklinga er det lagt til grunn at Helse Vest RHF har eit resultat på 350 mill. kroner. Erfaringa og utviklinga dei siste åra viser at med ei vidareføring av gjeldande budsjettopplegg vil resultatet i RHFet ligge ein stad mellom 6 til 700 mill. kroner dersom det ikkje oppstår uventa kostnader. Dette vil isolert sett bidra til å styrke likviditetsutviklinga ut over det som er vist i grafen ovanfor. Samtidig kan det vere forhold knytt til manglande resultatoppnåing i helseføretaka og/eller auka kostnader i byggeprosjekt som vil påverke likviditeten på den negative sida. Samla sett blir derfor likviditeten som vist i grafen ovanfor vurdert som tilfredsstillande.

Dersom forholda tilseier det kan ein vurdere både omfanget på investeringar og/eller nedbetaling på langsiktig lån til HOD, for å balansere likviditetsnivået mot eit nivå på langsiktig gjeld rundt 18-19 milliardar kroner.

### Samla vurdering av risiko

Helse Vest har dei siste åra vore gjennom ein fase med særleg høgt investeringsnivå, med store byggeprosjekt i alle helseføretaka. Oppsparte midlar i kombinasjon med opptak av lån til dei store byggeprosjekta har gjort at likviditeten fram til no har vore god. Det er likevel fleire forhold som vil vere med å påverke risikoen, og det vil her bli gitt ei omtale av dei ulike forholda, samt vist ein samla stresstest på risiko og likviditet.

### Resultatutvikling


EBITA og resultatgrad viser føretaket si evne til å dekke rentekostnader og årsresultat. Planlagt resultatutvikling i planperioden viser ein EBITA\* på 7,4% for 2026, som aukar årleg

til 8,0% i 2030. Resultatgrad\* er på 1,9% for 2026 og aukar årleg til 2,2% for 2030. Den planlagde resultat utviklinga viser ein positiv trend i marginar fram i tid.

For 2024 er EBITA på 6,5% og resultatgraden på 2,3% for føretaksgruppa. Hittil i 2025 (pr. april) er EBITA på 5,1% og resultatgraden på 1,0%. Dette er vesentleg lågare enn den planlagde resultatutviklinga fram i tid. Dersom føretaka skal oppnå den planlagde resultatutviklinga med tilhøyrande EBITA og resultatgrad i langtidsperioden, krev det ei betydeleg forbetring av drifta. Det inneberer at kostnadsnivået i drifta må reduserast, medrekna reduksjon av sjukefråværet. Vidare er det heilt nødvendig at føretaka klarer å realisere gevinstar frå IKT og byggeprosjekta.

For å synleggjere risikoen knytt til planlagd resultatutvikling, er det i figuren nedanfor illustrert utviklinga i EBITDA som ligg i ØLP. Denne viser kva som er nødvendig utvikling i EBITDA for å dekke avskrivningar, rentekostnader og positivt resultat (resultatet er illustrert med grønt) i dei kommande åra. Det er og lagt inn ein kurve i rødt som viser utvikling i avdrag på lån slik at ein kan sjå dette i samanheng med avskrivningar.

\*EBITA=(driftsresultat før avskrivningar % driftsinntekter), resultatgrad (driftsresultat % driftsinntekter)



| Helse Vest                              | 2025      | 2026      | 2027      | 2028      | 2029      | 2030      | 2031      | 2032      | 2033      | 2034      | 2035      |
|---|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Driftsresultat før avskrivning (EBITDA) | 2 862 516 | 3 186 790 | 3 283 028 | 3 422 331 | 3 483 514 | 3 617 308 | 3 453 376 | 3 539 018 | 3 654 597 | 3 666 996 | 3 672 372 |
| Avskrivning                             | 1 932 129 | 2 386 590 | 2 488 161 | 2 524 591 | 2 627 816 | 2 606 288 | 2 632 064 | 2 643 543 | 2 656 760 | 2 654 398 | 2 609 647 |
| Netto finansposter                      | 419 375   | 800 200   | 794 866   | 764 740   | 813 698   | 823 020   | 252 313   | 255 476   | 339 837   | 325 599   | 312 725   |
| Resultat                                | 511 012   | 0         | 1         | 133 000   | 42 000    | 188 000   | 569 000   | 639 999   | 658 000   | 686 999   | 749 999   |
| Avdrag lån                              | 239 308   | 368 388   | 402 140   | 904 216   | 1 144 272 | 1 354 641 | 1 768 075 | 1 495 240 | 1 594 607 | 1 701 512 | 1 008 423 |

Dersom føretaka ikkje klarer å oppnå nødvendige forbetring i drifta, vil det gje ei negative utvikling på likviditeten.

### Kostnadsoverskridingar

I tillegg er det risiko knytt til auka kostnader på den høge investeringsaktiviteten som helseføretaka er midt oppe i no. Sjølv om investeringsnivået blir tilpassa ei ramme på om lag 3 mrd. kroner, vil dette fortsett vere eit høgt investeringsnivå med risiko for overskridingar. Samtidig ligg det og inne føresetnad om sal av eigendomar, der det er usikkerheit knytt til realiseringstidspunktet. Det er og risiko knytt til utvikling i renter, som vil få stor innverknad på resultatata framover i tid når lån til byggeprosjekt blir konvertert til langsiktig lån.

Spørsmålet er i kor stor grad føretaksgruppa Helse Vest kan handtere desse forholda i dei første åra i planperioden. Det er derfor gjort ei vurdering i forhold til ein stresstest på likviditeten der ein testar ut konsekvensane av at kostnadene til investeringar aukar ut over det som er lagt til grunn i rulleringa av ØLP. Eventuelle kostnadsoverskridingar er her vurdert å vere størst i dei første åra. Deretter må ein gjere nye vurderingar i samband med behandling og vedtak av nye investeringsprosjekt. Styret i Helse Vest må uansett ta stilling til om nye prosjekt skal først vidare til gjennomføring i samband med behandling av forprosjekt og gjennom dette gjere ei vurdering av risiko for kostnadsoverskridingar.

### Renteutvikling

Endringar i rentenivå påverkar finanskostnadene. Rentenivået har blitt høgare samanlikna med førre ØLP 2025-2029. Dei langsiktige investeringslåna er sikra med fastrenteavtaler, men det er forventa at rullering av rentesikring og konvertering av byggjelån til langsiktige lån (bygg som blir stilt ferdig) i perioden, vil medføre eit høgare rentenivå på låneporteføljen. Auka rentenivå vil påverka resultatutviklinga og likviditeten negativt.

Byggjelån under opptrekk har flytande rente.


### Likviditet – stresstest

Helse Vest har i tidlegare styresak, og seinast i sak 119/22, drøfta kva som kan vere eit forsvarleg nedre nivå på likviditet i forhold til å ivareta drifta på ein tilfredsstillande måte. Vurderinga den gang var at likviditeten ikkje bør vere lågare enn 1 mrd. kroner for føretaksgruppa. Dette var utan bruk av driftskreditt, kor driftskredittramma på dette tidspunkt utgjorde 2,6 mrd. kroner. Den samla likviditeten ligg i planperioden på vel 3 mrd. kroner og aukar mot slutten av perioden.

For å gjere ein stresstest på likviditetsutviklinga dei nærmaste åra i ØLP er det i grafen nedanfor vist effekten av ulike scenario for risiko målt opp mot talgrunlaget som ligg i ØLP.

I risiko alternativ 1 er det lagt inn manglande resultatoppnåing med 200 mill. kroner i 2025 og deretter 100 mill. kroner årleg i forhold til det som ligg i ØLP. I tillegg er det lagt inn kostnadsoverskridingar på investeringar opp mot 600 mill. kroner samt forsinka gevinst ved realisering av eigeidom.

I risiko alternativ 2 er det lagt inn ytterlegare manglande resultatoppnåing med 100 mill. kroner årleg i forhold til det som ligg i ØLP. Elles dei same føresetnadane som i alternativ 1.



Risikoalternativa med høvesvis 100 og 200 mill. kroner framover i tid kan synast som eit forsiktig anslag. I desse anslaga ligg det og ei vurdering av at resultatet i Helse Vest RHF har ei oppside sett opp mot det resultatnivået som ligg inne i ØLP.

Når det gjeld risikovurderinga knytt opp mot overskridingar på investeringar er vurderinga at det er dei nærmaste åra kor det er høgast risiko. I innretninga på ØLP er det lagt opp til at det skal vere ei øvre ramme på investeringar på 3 mrd. kroner i regionen, og det er derfor ikkje tatt stilling til enkelt prosjekt i perioden etter 2030. Det vil derfor bli gjort ei sjølvstendig vurdering av dei enkelte prosjekta med tilhøyrande risiko når desse skal til behandling og vedtak i styret i Helse Vest dei kommande åra.

I risikovurdering alternativ 1 vil likviditeten med dei føresetnadene som er lagt inn kunne tangere eller vere rett i underkant av 2 mrd. kroner. Dette er eit forhold som må vurderast på nytt ved kommande rullering av ØLP og i samband med den årlege budsjettprosess.

## Konklusjon

Oppsummert er vurderinga at det er rom for å handtere noko risiko i forhold til likviditet og finansieringsevne, men at denne i stort er avgrensa til dei scenarioa som er skissert ovanfor. Ut over dette er det små marginar og høg risiko i forhold til å oppnå positive resultat i åra 2026 og utover i perioden. Ein må derfor overvake utviklinga og vere varsam med å sette i gang prosjekt som kan utløyse kostnader før ein kjenner og har god oversikt på økonomien framover.

Det viktigaste er at føretaka klarer å oppnå føresetnaden om forbetring i drifta (EBITDA) og såleis det resultatnivået som er lagt til grunn i ØLP. Dette vil sette føretaksgruppa i betre stand til å handtere andre risikoforhold som kostnadsoverskridingar, auka prisstigning og auka rentekostnader.

Gjeldsnivået i Helse Vest er allereie høgt og det er viktig at ein ikkje bygger opp ytterlegare gjeld i åra framover. Det er derfor viktig at investeringsnivået over tid ikkje overstig eit gjennomsnittleg årleg nivå på 3 mrd. kroner. Frå og med 2031 vil det samla investeringsnivået blir vurdert som ei samla investeringsramme for føretaksgruppa. Det tas ikkje stilling til enkeltprosjekt i denne rullering av ØLP. Det må i staden etablerast ein regional prioriteringsliste for prosjekt over ein viss størrelse i samband med utarbeiding av ny regional utviklingsplan.

Uspesifiserte lånefinansierte investeringar er ikkje med i denne rulleringa av ØLP. Denne typen investeringar må vurderast i seinare ØLP'ar når planane er konkretisert og innanfor den samla investeringsramma som er sett.

Lån frå HOD må halde seg stabilt på om lag 18-19 mrd. kroner (prisjustert real kroneverdi) gjennom planperioden. Dette inneberer at det må nedbetalast like mykje i langsiktig lån som det blir tatt opp nye lån til byggeprosjekt.

Ein må innrette investeringar i tråd med resultatutviklinga og finansieringsgrunnlaget slik at likviditetsnivået i føretaksgruppa ikkje blir lågare enn 2 mrd. kroner.

